



Surnadal kommune

Næring, bygg og miljø

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: H 1567	Doknr.:
Mottatt: 19 JAN 2015	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Adm. vedtak - jordbruk - nr. 4/2015

Dykkar ref:

Vår ref
2014/2425-2

Saksbehandlar
Mona Rosvold

Dato
09.01.2015

Uttale ved høring - Forslag om å oppheve konsesjonslova og boplikta

Saksopplysningar henta frå høringsbrevet frå Landbuks- og matdepartementet:

«Landbruks- og matdepartementet foreslår å oppheve lov av 28.november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv., samt å oppheve enkelte bestemmelser i lov av 28.juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova) som omhandler boplikt.

Forslaget innebærer at erverv av fast eiendom ikke lenger vil være betinget av tillatelse (konsesjon) fra det offentlige. Forslaget innebærer videre at det ikke vil være boplikt ved erverv av landbrukseiendom, og at det heller ikke kan fastsettes forskrift om nedsatt konsesjonsgrense (såkalt nullgrense) i kommunene. Forslaget styrker den private eiendomsretten, og gjør det enklere å få omsatt eiendom mellom private.

...Regjeringen har i Sundvollen-plattformen lagt opp til vesentlige endringer når det gjelder reglene om fast eiendom. Den enkelte bonde skal gis større råderett over egen eiendom, blant annet ved at konsesjonsloven og boplikten oppheves. Det er samtidig et mål å gjennomføre forenklinger og å redusere landbruksbyråkratiet.»

Vurderingar:

Vi fokuserer her på landbruksnæringa i konsesjonslova:

Matproduksjonen vår er i stor grad basert på familielandbruket, og det har vist seg at personleg eigarskap er ei stabil og rasjonell eigarform. Stabilitet i eigarforma er avgjerande for forvaltninga og drifta av landbrukseigedommane, ettersom investeringar i næringa er langsiktige og krev stabile og forutsigbare rammevilkår. Ei oppheving av konsesjonslova vil truleg føre til at det blir vanlegare at selskap og sameiger kjøper landbrukseigedommar, og at tradisjonen med personleg eigarskap blir endra.

Fri prising av landbrukseigedommar vil truleg føre til at fleire eigedommar enn i dag blir lagt ut for sal. Det er ønskeleg, men samtidig er det grunn til å tru at prisane vil auke. Dette vil gjere det vanskelegare for dei som skal inn i landbruksnæringa og dei som vil kjøpe

tilleggsjord. Å fjerne priskontrollen vil truleg vere ein fordel mest for dei som ikkje lenger skal vere i landbruksnæringa.

Oppheving av buplikta vil føre til at fleire eigedommar enn i dag blir utan fast busetjing. Buplikt vart innført i 1974 og det vart då lagt stor vekt på samanhengen mellom busetjing og drift. I dag er buplikta i større grad knytta til omsynet til busetjing generelt, ikkje berre for den enkelte eigdommen. Likevel er fast busetjing viktig for god forvaltning av bygningane, areala og kulturlandskapet på eigdommen. Buplikt vil vere positivt for busetjinga i kommunen og for drift og forvaltning av ressursane på landbrukseigedommane.


Konklusjon:

Konsesjonslova knytta til overtaking (ervert) av landbrukseigedommar bør vidareførast.

Uttale frå Surnadal kommune, etter fullmakt frå Formannskapet:

Surnadal kommune tilrår at konsesjonslova knytta til overtaking (ervert) av landbrukseigedommar blir vidareført. Eigar- og bruksstrukturen i landbruket er viktig for framtidig matproduksjon og ei samla forvaltning av arealressursane. Plan- og bygningslova og jordlova ivaretar ikkje desse omsyna på samme måte.

Med helsing


Knut Haugen
rådmann


Mona Rosvold
jordbrukssjef